

# Om nye språkpolitiske retningsliner for NTNU

RAPPORT FRÅ EIT UTVAL OPPNEMNT AV REKTOR I AUGUST 2021

NTNU, juni 2022

**Endeleg versjon, 03.06.2022**

## Innhald

|   |    |
|---|----|
| 1. Innleiing.....   | 3  |
| 2. Mandat og arbeidsform .....                                | 3  |
| 2.1. Mandatet .....   | 3  |
| 2.2. Medlemmar i utvalet .....                                | 4  |
| 2.3. Arbeidet i utvalet .....                                 | 4  |
| 2.3.1. Møte i utvalet.....                                    | 4  |
| 2.3.2. Andre møte, dialog, nettseminar.....                   | 4  |
| 3. Føringer .....   | 5  |
| 3.1. Språklova.....   | 5  |
| 3.2. Universitets- og høgskolelova.....                       | 6  |
| 3.3. Tildelingsbrev frå departementet.....                    | 6  |
| 4. Utvalet sine vurderingar og prinsipielle avklaringar ..... | 6  |
| 4.1. Om språk.....  | 6  |
| 4.1.1. Parallellspråklegheit: norsk og engelsk.....           | 6  |
| 4.1.2. Skandinaviske språk .....                              | 7  |
| 4.1.3. Samisk og andre minoritetsspråk.....                   | 7  |
| 4.1.4. Teiknspråk, tolking og universell utforming.....       | 7  |
| 4.2. Kultur for språk .....                                   | 8  |
| 4.2.1. Fagleg kvalitet .....                                  | 8  |
| 4.2.2. Norsk fagspråk .....                                   | 8  |
| 4.2.3. Fellesskap og mangfald.....                            | 8  |
| 4.2.4. Strategisk forankring.....                             | 9  |
| 4.3. Infrastruktur for utvikling av språkleg kompetanse.....  | 9  |
| 4.3.1. Norsk kurs for utlendingar .....                       | 9  |
| 4.3.2. Kompetanse i nynorsk.....                              | 9  |
| 4.3.3. Kompetanse i engelsk .....                             | 10 |
| 4.3.4. Klarspråk .....  | 10 |
| 5. Tilrådingar og tiltak .....                                | 10 |
| 5.1. Forslag til tiltak.....                                  | 10 |
| 5.2. Økonomiske og administrative konsekvensar .....          | 10 |
| Vedlegg .....   | 13 |
| A. Forslag til språkpolitiske retningslinjer for NTNU .....   | 13 |
| B. Mandat.....  | 16 |

# Om nye språkpolitiske retningslinjer for NTNU

## 1. Innleiing

Språk er viktig på universitetet. Vi bruker språk til å tenke med og for å kommunisere arbeidet vårt, gjennom publikasjonar, seminar, undervisning eller formidling. Kommunikasjonen kan vere skriftleg, munnleg eller teiknspråkleg, og den kan skje på norsk eller andre språk. Kvalitet er ein av grunnsteinane ved et universitet, og kvaliteten i arbeidet vårt heng tett saman med kor godt vi meistrar språket vi bruker. Satsing på kvalitet krev derfor ein offensiv og god språkpolitikk.

Gjeldande [språkpolitiske retningslinjer](#) blei vedtekne av NTNU-styret 26. mars 2009. Etter som det har vore få kontroversar om dei, kunne vi seie at retningslinjene har tent NTNU godt, men det er også mogleg å hevde at dei har vore lite synlege og sjeldan nytta i den daglege praksisen. Uansett har mykje endra seg sidan 2009. Talet på studentar og tilsette som ikkje har norsk som morsmål har auka monaleg, og diskusjonen om såkalla parallellspråklegheit har vakse i styrke. Samtidig har NTNU fått kritikk frå myndigheiter og Språkrådet for ikkje å følgje opp den lovpålagte nynorsk-delen i skriftleg kommunikasjon. Men, framfor alt, frå og med 2022 har vi fått ei ny språklov i Noreg. Dette er hovudgrunnen til at rektor ønskte ein gjennomgang og revisjon av dei språkpolitiske retningslinjene. Her er rapporten frå utvalet som fekk denne oppgåva. Utvalet står samla bak tilrådingane.

## 2. Mandat og arbeidsform

### 2.1. Mandatet

I august 2021 sette rektor ned ei gruppe (etter dette: *utvalet*) som fekk i oppdrag å gå gjennom NTNU sine språkpolitiske retningslinjer og foreslå reviderte retningslinjer for universitetet. Sjølve oppdraget var dette:

- Gruppa skal vurdere og foreslå endringar i NTNU sine språkpolitiske retningslinjer.
- Gruppa skal ta utgangspunkt i dei overordna måla som er satt for NTNU si verksemd av myndigheitene og NTNU sjølv. Gruppa skal setje seg inn i relevant nasjonalt lov- og regelverk. Ho bør også sjå på praksis ved andre norske og skandinaviske universitet.
- Retningslinjene skal vere tydelege og kortfatta.
- Dersom gruppa foreslår retningslinjer som krev at organisasjonen utviklar seg, skal gruppa foreslå naudsynte tiltak for å få dette til.
- Gruppa skal foreslå korleis NTNU kan sikre at dei språkpolitiske retningslinjene blir følgt i organisasjonen.
- Økonomiske konsekvensar av dei reviderte retningslinjene skal vurderast.

Gruppa skal gjere ferdig arbeidet innan utgangen av juni 2022. Ho skal legge opp til dialog med organisasjonen undervegs i arbeidet om sentrale problemstillingar og dilemma.

Det fullstendige mandatet er lagt ved denne rapporten (vedlegg B).

## 2.2. Medlemmar i utvalet

Rektor nemnde opp desse personane i utvalet:

- Professor Terje Lohndal, prodekan for forskning HF (leiar)
- Professor Linn Okkenhaug Getz, Institutt for samfunnsmedisin og sjukepleie
- Professor Randi Solheim, Institutt for lærarutdanning
- Professor Vikas Thakur, Instituttleiar, Institutt for bygg- og miljøteknikk
- Universitetslektor Anders Ulstein, Institutt for IKT og realfag
- Student Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Institutt for språk og litteratur
- Stipendiat Wolf Ludwig Kuhn, Institutt for energi og prosessteknikk

Sekretær for utvalet har vore seniorrådgjevar Thor Bjørn Arlov, rektors stab – forskning.

## 2.3. Arbeidet i utvalet

### 2.3.1. Møte i utvalet

Etter oppnemninga hausten 2021 har utvalet hatt i alt 7 fysiske eller digitale møte med desse hovudtema:

| Dato       | Møteform | Hovudtema   |
|------------|----------|---|
| 15.11.2021 | Fysisk   | Bli kjent, diskusjon av mandatet, plan for arbeidet, sentrale spørsmål og dilemma |
| 17.12.2021 | Digitalt | Diskusjon av «Allmenne prinsipp» i mandatet                                       |
| 10.01.2022 | Digitalt | Diskusjon av «Utdanning» og «Forskning» i mandatet                                |
| 14.02.2022 | Digitalt | Diskusjon av «Formidling, Administrasjon ...» og «Språkopplæring»                 |
| 14.03.2022 | Digitalt | Diskusjon av tiltak   |
| 22.04.2022 | Fysisk   | Gjennomgang av retningslinjer, tiltak og rapportutkast                            |
| 23.05.2022 | Digitalt | Endeleg gjennomgang av heile rapporten  |

I tillegg har utvalet kommunisert jamt på e-post og Teams mellom møta. Endeleg godkjenning av rapporten er gjort på sirkulasjon med e-post.

### 2.3.2. Andre møte, dialog, nettseminar

I samband med arbeidet har leiaren av utvalet, dels saman med sekretæren, hatt brei kontakt i organisasjonen med ymse institutt, faggrupper, utval og enkeltpersonar. I tillegg til e-postutveksling har det vore møte med mellom anna

- Seksjon for teiknspråk og tolking (07.01.2022)
- Utdanningsutvalet (17.01.2022)
- Institutt for språk og litteratur (18.01., 14.02., 28.03., 02.05.2022)

Utvalet sitt arbeid har vore omtalt i fleire oppslag i Universitetsavisa og Khrono.

Den 24.03.2022 arrangerte utvalet nettseminaret «Språkval ved NTNU – kva for veg går vi?». Debatten, som blei strøyma på Zoom, hadde to bolkar, ein på engelsk og ein på norsk. Utvalsleiar Terje Lohndal var moderator for begge paneldiskusjonane. Programmet var slik:

|             |   |
|-------------|---|
| 12.00-12.10 | <b>Kvifor er språk viktig i akademia?/ Why is language important in academia?</b><br>Innleiing ved utvalets leiar professor Terje Lohndal, prodekan for forskning ved HF-fakultetet   |
| 12.10-12.55 | <b>Norwegian vs. English at NTNU – striking the right balance</b><br>Panel discussion with <ul style="list-style-type: none"> <li>• Monica Rolfsen, dean and professor, Faculty of Economics and Management</li> <li>• Vikas Thakur, Head of Department, Department of Civil and Environmental Engineering</li> <li>• Payel Chatterjee, PhD Candidate, Department of Physics</li> </ul> |
| 12.55-13.05 | Pause   |
| 13.05-13.50 | <b>Språkleg kompetanse - kva forventar arbeidslivet?</b><br>Paneldiskusjon med <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tord Lien, Regiondirektør NHO</li> <li>• Lise Lyngsnes Randeberg, professor og leiar i Akademikerne</li> <li>• Lillian Fjerdingen, Dagleg leiar Næringslivsringen</li> </ul>  |

Nettseminaret hadde mange tilhøyrarar. Opptaket er tilgjengeleg [her](#).

### 3. Føringar

#### 3.1. Språklova

Fram til 1. januar 2022 var NTNU omfatta av Lov om målbruk i offentleg teneste (mållova) som hadde reglar for bruk av bokmål og nynorsk, krav til veksling mellom målformene ('25 %-regelen') og så vidare. Mållova blei oppheva 1. januar 2022 og erstatta av språklova, sjå nedanfor. Mållova sine regler er i hovudsak ført vidare i språklova §§ 12-18.

[Lov om språk \(språklova\)](#) gjeld frå 1. januar 2022. I den nye språklova er føremålet tydeleggjort i ein særskilt regel, jf. § 1:

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Som statsorgan er NTNU bunden av språklova. Det inneber blant anna at:

- Offentlege organ skal ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk samt verne og fremje dei offisielle minoritetsspråka (§1)
- Bokmål og nynorsk er jamstilte skriftspråk (§ 4)
- NTNU skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa (§ 9)
- ulike organ skal ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk (§ 10)
- NTNU skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument (§ 13)
- NTNU skal gjere skjema og andre sjølvbeteningstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig (§ 14)
- NTNU skal syte for at vi har den nødvendige kompetansen for å kunne bruke bokmål og nynorsk [... og] skal kunne krevje at tilsette skal bruke dei to skriftspråka (§ 16)

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og fører tilsyn med korleis t.d. universiteta etterlever reglane.

## 3.2. Universitets- og høyskolelova

[Lov om universiteter og høyskoler](#) (universitets- og høyskoleloven) fekk ei tilføyning i 2009, då kapittel 1 om føremål og verkeområde blei utvida med § 1-7:<sup>1</sup>

Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk.

Både myndigheiter og ulike interessegrupper minner om dette ansvaret med jamne mellomrom, og det blir også gjenteke i tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet, sjå nedanfor.

## 3.3. Tildelingsbrev frå departementet

Kvart år kjem det føringar gjennom Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev til NTNU. I tildelingsbrevet for 2022 legg departementet vekt på sektoren sitt ansvar for blant anna å gi god norskopplæring, vidareutvikle norsk fagspråk, halde seg med språkpolitiske strategiar og å følge språklova med omsyn til målbruk:<sup>2</sup>

Når institusjonene ansetter utenlandske forskere og undervisere, skal det stilles krav til opplæring i norsk språk. Regjeringen forventer at institusjonene sørger for norskopplæring av tilsatte som trenger det, og sikrer at norskkompetansen hos de tilsatte er tilstrekkelig til å ivareta norsk fagspråk. Det bør som en hovedregel stilles krav om at ansatte behersker norsk språk innen to år. For stillinger hvor kompetanse i norsk er viktig bør det i større grad stilles krav om norskkompetanse ved utlysning.

Norskspråklig undervisning, formidling og vitenskapelig publisering henger tett sammen med forskningens samfunnsrelevans, og at studentene skal forberedes på et norskspråklig arbeidsliv. Universitets- og høyskoleloven § 1-7 slår fast at institusjonene har et ansvar for å vedlikeholde og vidareutvikle norsk fagspråk. Institusjonene er vidare pålagt å ha egne språkstrategier som skal være tydelig forankret i overordnede strategier. Regjeringen forventer at institusjonene følger godt med på språksituasjonen i både forskning og undervisning, og setter inn tiltak dersom det er nødvendig. Arbeidet i perioden skal omtales i årsrapporten. Det forventes også at alle bachelor- og masteroppgaver og ph.d.-avhandlinger som er skrevet på et annet språk har et sammendrag på norsk.

Den nye språkloven trer i kraft 1.1.2022. Universiteter og høyskoler er pålagt å følge språkloven. Språkrådet har i flere år pekt på at et flertall av UH-institusjonene ikke innfrir kravene om at begge målformene skal være representert med minst 25 prosent. Regjeringen forventer at institusjonene følger opp dette og setter inn nødvendige tiltak.

I tildelingsbrevet til fakulteta og Vitenskapsmuseet (02.02.2022) har Rektor understreka at dette skal følgjast opp.

# 4. Utvalet sine vurderingar og prinsipielle avklaringar

## 4.1. Om språk

### 4.1.1. Parallellspråklegheit: norsk og engelsk

Norsk er det samfunnsberande språket i Noreg. Eit offentleg universitet er forplikta til å nytte norsk som hovudspråk. Den nye språklova stiller også tydelege krav til arbeidet med norsk fagspråk, noko som tydeleggjer UH-institusjonane sitt ansvar for å røkte norsk språk. Samtidig må vi balansere dette mot omsynet til internasjonale studentar og til å inkludere nyttilsette, det vere seg i rekrutteringsstillingar eller i faste stillingar. Språkrådet har derfor komme med følgande tilråding til

<sup>1</sup> Tilføydd ved lov 19 juni 2009 nr. 96.

<sup>2</sup> Brev frå KD 21.12.2021.

norske universitet og høgskular: Norsk når du kan, engelsk når du må. På fagspråket blir ein slik praksis gjerne kalla [parallellspråklegheit](#) fordi det tydeleggjer at sjølv om norsk er hovudspråket, kan og bør ein stundom også nytte engelsk.

Parallellspråklegheit betyr ikkje at alt skal skje på både norsk og engelsk. Det er viktig å halde på prinsippet om at norsk er hovudspråket, men legge til rette for bruk av engelsk i miljø der ein har mange tilsette som ikkje snakkar eit skandinavisk språk. Dette gjeld særleg for ph.d.-kandidatar og postdoktorar som ikkje har krav om å lære seg norsk, men det er også relevant for faste nyttilsette som ikkje har vore gjennom norskkurs. Det er viktig å vere pragmatisk i slike høve og legge til rette for ein språkkultur som fremjar språklæring og utvikling. Å lære eit nytt språk er krevjande, og derfor er det viktig å motivere og hjelpe tilsette med å lære seg norsk. Mange mellombels tilsette ønskjer å lære seg norsk. Dei ser at sjølv om engelsk fungerer, er det nødvendig å lære seg hovudspråket i Noreg dersom ein vil bli inkludert på ein god måte.

#### 4.1.2. Skandinaviske språk

Det har vore lang tradisjon i Noreg for å behandle dei tre fastlandsskandinaviske språka likt. Det vil seie at svensk og dansk kan nyttast på lik linje med norsk. Dette er eit sentralt politisk mål i den nordiske fellesskapen, og det er også fastsett i språklova. Derfor skal NTNU framleis behandle dei tre språka som likestilte. Likevel veit vi at ikkje alle studentar synest talt dansk eller svensk er like enkelt å forstå, og i slike tilfelle vil det hjelpe å legge til rette ved å snakke langsamt og tydeleg. Det kan også vere nødvendig å erstatte vanskelege enkeltord med norske termar. Samstundes er det viktig å understreke at dei tre språka er likestilte når det gjeld pensumlitteratur, og vi oppmodar derfor om å heller bruke ei dansk eller svensk bok på bachelorstudia enn ei engelsk.

#### 4.1.3. Samisk og andre minoritetsspråk

Sameloven slår fast at samiske språk og norsk er likeverdige språk i Noreg. Lova tydeleggjer også at det er særskilte rettar som gjeld innom det samiske forvaltningsområdet. Der vil ein mellom anna vente at skilt også finst på samisk, og at kunngjeringar som rettar seg mot heile eller delar av folket, ligg føre på norsk og samisk. NTNU har i dag ingen campus innom det samiske forvaltningsområdet. Derfor er det ikkje naturleg å sette inn tiltak som fleirspråkleg skilting eller bruk av sørsamisk i kunngjeringar til alle tilsette. Utvalet har vore i dialog med Språkrådet, og dei støttar denne vurderinga. Slik kan ein unngå at samiske skilt kan bli oppfatta som symbolpolitikk, og at institusjonen tenker at ansvaret for samisk er varetatt med det. Det er ikkje tilfelle og vil derfor vere uheldig. Som offentleg organ skal vi ta del i ansvaret for å bruke, utvikle og styrke samiske språk, og vi skal ta ansvar for å verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk (sjå 4.1.4 for meir om det siste). NTNU bidrar til dette og spreier kunnskap om minoritetsspråka blant anna gjennom fleire av utdanningane vi gir, for eksempel i lærar- og lektorutdanninga og tilbodet i teiknspråk og tolking.

#### 4.1.4. Teiknspråk, tolking og universell utforming

Norsk teiknspråk har status som offisielt språk i Noreg. Det inneber at det er likeverdig med norsk, språkleg og kulturelt. Studentar og arbeidstakarar som er døve eller høyrselshemma, har rettar knytt til tolking. Det er NAV som forvaltar dette. Lokalt på enkelte institutt er dette vanlegvis greitt handtert. Men det er ei større utfordring når NTNU ønskjer å snakke til alle tilsette, for eksempel gjennom digitale allmøte eller gjennom videomeldingar. Utvalet meiner at NTNU bør sørge for at videomeldingar som er meint til alle tilsette, er tolka og teksta. Dette gjeld for eksempel rektors julehelsing. Reglar om universell utforming krev at vi gjer dette, og når vi veit at det er både døve studentar og tilsette ved NTNU, har vi ein særleg grunn til å gjere det. For arrangement innanfor arbeidstida, bør det også vere mogleg for deltakarar å indikere at ein ønskjer tolking, slik at dette kan

bli ordna med på førehand. Det kan gjelde nettseminar så vel som fysiske møte. Handlingar som dette vil også syne omverda at NTNU er eit inkluderande universitet som gjer det enklare å vere døv og samstundes kunne bidra til fellesskapen.

## 4.2. Kultur for språk

### 4.2.1. Fagleg kvalitet

Språk er eit særleg viktig verkøy på eit universitet. Gjennom ulike former for språkleg verksemd skaper og formidlar vi kunnskap og informasjon med ulike formål og for ulike mottakarar. Dette gjer at språk spelar ei viktig rolle for arbeidet studentar og tilsette gjer, og dermed blir den språklege dugleiken vår ein suksessfaktor for kvaliteten i det faglege arbeidet. Kvalitet meir generelt er ein grunnstein og eit hovudmål ved NTNU. Vi ønskjer alle å gjere jobben vår best mogleg, og språk er eit essensielt verkemiddel for å få det til. Ei satsing på kvalitet krev derfor også ein god og offensiv språkpolitikk.

Ein slik språkpolitikk krev at NTNU skaper ein kultur for kontinuerleg utvikling av den språklege kompetansen til både studentar og tilsette. Alle må vi jobbe med å utvikle den språklege kompetansen vår. Dette gjeld like mykje for morsmål som for andrespråk og eventuelt fleire språk som vi lærer oss. Språklæring er ikkje noko ein blir ferdig med, det er alltid noko nytt vi kan lære eller noko vi kan gjere betre. Det er derfor viktig at språklæringa ikkje sluttar med eksamen i norsk på B2-nivå. Ho må halde fram og einingane bør utvikle ein kultur der språkleg utvikling er noko ein snakkar om og prioriterer i kvardagen.

### 4.2.2. Norsk fagspråk

Norske universitet har eit særleg ansvar for å utvikle og røykte norsk, inkludert norsk teiknspråk, som akademisk språk. Vitskapen er global og prinsipielt uavhengig av enkeltspråk, men samstundes er det også klart at engelsk har blitt den nye latinen. Dette gjer at vi må leggje ned ein særleg innsats for å sikre at vi har eit velfungerande norsk akademisk fagspråk, inkludert gode norske fagtermar som er tilpassa universitetskulturen. I mange år har Språkrådet vore uroleg for den manglande merkemda norsk fagspråk har fått i UH-sektoren. Den nye loven gir oss eit institusjonelt ansvar for å sikre vitaliteten til det norske fagspråket. Dette er ikkje minst ein føresetnad for å kunne drive med formidling til samfunnet. NOU-en *Akademisk ytringsfrihet* understrekar også kor viktig norsk fagspråk er for å gjere det mogleg å vareta den akademiske ytringsfriheten.<sup>3</sup>

### 4.2.3. Fellesskap og mangfald

Språk er nøkkelen til integrasjon og fellesskap både på universitetet og meir generelt i samfunnet. Å respektere studentane sine språklege rettar, og å sjå språkleg kompetanse som ein ressurs, styrker dessutan læringsmiljøet. For tilsette handlar det om eit inkluderande og godt arbeidsmiljø, der dei har språklege ferdigheiter som gjer at dei kan medverke og ta del i styre og stell på universitetet. Til slutt handlar det også om danning og personleg utvikling der språk spelar ei viktig rolle for både studentar og tilsette.

For mange av oss er det vanleg at ein samtale går føre seg på eitt språk. Men slik treng det ikkje vere. Det er ikkje noko som tilseier at ein person ikkje kan snakke norsk sjølv om ein annan person snakkar engelsk. Samtidig bruk av fleire språk er noko som skjer i fleirspråklege familiar heile tida. I situasjonar der tilsette ikkje føler at dei meistrar norsk godt nok, bør det vere toleranse for at samtalar og møte kan skje på fleire språk. Dette er ein måte å praktisere mangfald på som kan verke

---

<sup>3</sup> NOU 2022:2 [Akademisk ytringsfrihet — God ytringskultur må bygges nedenfra, hver dag.](#)



positivt også med tanke på språklæring. Samtidig må det ikkje bli ei kvilepute for at den tilsette ikkje treng å lære seg å snakke norsk.

#### 4.2.4. Strategisk forankring

NTNU har hatt språkpolitiske retningslinjer sidan 2009. Utvalet meiner desse i stort har vore gode, men vi registrerer at dei er lite kjende i organisasjonen. Det er nødvendig med eit krafttak for å gjere dei nye retningslinjene godt forankra. Vi foreslår derfor at alle organisatoriske nivå skal ha språk som ein del av strategi- og årsplanar frametter. Det må til for at språkpolitikken skal få tilstrekkeleg merksemd i ein travel kvardag.

### 4.3. Infrastruktur for utvikling av språkleg kompetanse

#### 4.3.1. Norskurs for utlendingar

NTNU har i mange år hatt eit sentralisert tilbod om norskurs. Den ansvarlege seksjonen ligg under Institutt for språk og litteratur (ISL) ved Det humanistiske fakultet. Kursa er trindelte og det er tre obligatoriske og eitt valfritt trinn. Ved fullført eksamen på trinn tre, skal ein ha kompetanse på nivå B2 i det europeiske rammeverket.<sup>4</sup> Det vil seie at ein skal kunne bruke norsk munnleg og skriftleg godt. Samtidig vil mange meine at B2 ikkje er tilstrekkeleg i alle faglege samanhengar, noko som understrekar at språklæringa ikkje sluttar ved denne eksamenen.

I mange år har norskursa ved NTNU hatt for låg kapasitet. Gjennom ekstraløyvingar har Rektor forsøkt å gjere noko med det i 2022, men det trengst truleg permanent auka kapasitet. Fordi kapasiteten er for liten, er det også eit komplisert opptakssystem som skaper frustrasjon i mange ledd. Utvalet meiner derfor at det er nødvendig å organisere norskursa slik at NTNU har eit tilbod som er stort og godt nok. Ein bør særleg vurdere følgande:

- Fast tilsette bør automatisk få plass på norskurs med ein gong dei kjem til NTNU. Det bør også vere plass for både mellombels tilsette og studentar som ønskjer å ta kurs. Dette krev auka kapasitet, jf. 5.2.
- Trinn 1 og 2 bør prioriterast slik at desse går kvart år. Trinn 3 bør kan hende gå over eit heilt år, og da på ettermiddagstid (t.d. kl. 16–18) slik at det er mogleg å planlegge kursdeltaking uavhengig av eigen undervisningstimeplan.
- Tilbodet bør ha større fleksibilitet når det gjeld tidspunkt og undervisningsform. Digitale ressursar er eit gode, men bør også kombinerast med fysiske økter. Dette gjeld særleg i Gjøvik og Ålesund der det er viktig å få på plass betre løysingar enn det som er i dag.
- Ein bør vurdere å gruppere deltakarar frå same institutt, eventuelt fakultet, saman. Dette vil gjere det mogleg å knyte norskursa betre saman med å bygge ein kultur for språkleg utvikling på dei lokale einingane.
- Ein bør sjå på finansieringssystemet til norskurs og vurdere ei forenkling av dette.

#### 4.3.2. Kompetanse i nynorsk

Språklova gjer det tydeleg at nynorsk og bokmål er likeverdige skriftspråk. Begge skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. For offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte som skriftspråk, men det er mange enkeltpersonar som ikkje har krav på seg om å mestre sidemålet (språklova § 16). Samtidig er det ikkje nokon tvil om at nynorsk er under særleg press, og NTNU har i alle år ikkje greidd å fylle lovkravet om 25 % nynorsk i offentlege tilgjengelege dokument. Det har også vore problem med å få gode eksamensoppgåver på begge målformer. Sidan nynorsk er minoritetsspråket,

---

<sup>4</sup> Sjå Utdanningsdirektoratet: [Rammeverk for språk](#).

er det oppmoda til «positiv diskriminering». Det tyder at det bør settast inn særlege tiltak for å få opp bruken av nynorsk på universitetet. Det bør ikkje vere vanskeleg å sørge for at 25 % av Innsida-meldingane som går til alle, er på nynorsk. Leiarar i ulike avdelingar har eit ansvar for å sørge for at nynorskkompetansen i staben blir prioritert slik at ein samla sett kan oppfylle krava. Dette gjeld sjølvstøtt særleg i teknisk-administrative stillingar. Kompetanse i begge dei norske skriftspråka kan vere eit krav i ein utlysingstekst, eller ein kan legge vekt på jamleg kursing.

#### 4.3.3. Kompetanse i engelsk

Sjølv om mange på NTNU er gode i engelsk, er det også slik at mange kan bli betre. Dette har mykje å seie for den faglege kvaliteten på arbeidet som blir lagt ned. Dels er det viktig i samband med undervisning og rettleiing på engelsk, som det er mykje av ved NTNU. Dels er det avgjerande å skrive god akademisk engelsk i vitenskaplege publikasjonar, ikkje berre av omsyn til lesarane, men også fordi kvalitetsmedvitne publiseringskanalar stiller høge krav til språket. Vidare, fordi NTNU stadig blir meir internasjonalt orientert, vil det til ei kvar tid vere både studentar, mellombels tilsette og nye fast tilsette som ikkje kan norsk. Dette krev at både fagleg tilsette og teknisk-administrativt personale må kunne kommunisere både på norsk og engelsk. NTNU bør derfor legge til rette for kurs og kompetanseheving i engelsk på ulike nivå som er tilpassa UH-sektoren.

#### 4.3.4. Klarspråk

Språklova seier tydeleg at offentlege organ «skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa». Klarspråk handlar òg om å velje termar og omgrep som ikkje verkar framandgjerande. Dette spennar om mykje, alt frå meldingar på Innsida til offisielle brev til studentar og tilsette. Språkrådet har laga ein digital rettleiar for klarspråk som kan vere til nytte: <https://www.sprakradet.no/Klarsprak/>.

## 5. Tilrådingar og tiltak

### 5.1. Forslag til tiltak

Utvalet er beden om å føreslå tiltak for å følge opp retningslinene. Vi har valt å knytte tiltaka til dei enkelte kapitla i forslaget til retningslinjer, sjå tabell 1 under.

### 5.2. Økonomiske og administrative konsekvensar

Mykje av det språkpolitiske arbeidet ved NTNU handlar om kultur: Å bygge ein betre kultur for språkleg utvikling og kompetanseheving gjennom heile organisasjonen.<sup>5</sup> Dette handlar til dømes om å hugse på at alle videoar som blir lagt ut på Innsida, skal vere teksta. Samtidig handlar arbeidet også om at vi må ha ein god infrastruktur. Her er det særleg ei oppskalering av norsk kurs for utlendingar som vil koste pengar. Institutt for språk og litteratur anslår at fem til seks nye stillingar vil gi eit godt tilbod i alle dei tre campusbyane. I 2022 har instituttet fått lovnad om 20 nye studieplassar i samband med Ukraina-krisa. Dette vil kunne finansiere nokre nye stillingar, men det trengst fleire permanente studieplassar for å komme heilt i mål.

---

<sup>5</sup> Språkrådet har laga ein [vegvisar for språkval i universitets- og høgskolesektoren](#) som mange vil ha nytte av.

Tilbod om engelskopplæring vil også ha ein kostnad, men omfanget her vil naturleg nok vere mykje mindre. Administrativt vil dei språkpolitiske retningslinjene krevje at språk får større merksemd og at språk blir ein faktor i rekrutteringsarbeidet også til teknisk-administrative stillingar. Dette gjeld ikkje minst kompetanse i nynorsk, men også at ein treng tilsette med framifrå engelskkunnskapar. Her er det viktig at ein sørger for at staben samla sett har den kompetansen som er naudsynt for å oppfylle krav og føringar, gjennom rekruttering og kursing.

Vi rår til at det blir oppretta eit permanent språkpolitisk utval ved NTNU. Eit slikt utval vil trenge sekretariatsressursar i passande omfang. Det vil truleg også vere behov for å utvikle rutinar og system for rapportering om språksituasjonen.

**Tabell 1 Tiltaksmatrise**

RE/FA = Rektor og fellesadministrasjonen; FAK = Fakulteta; INST = Institutt og faggrupper

| Tema  | Nr  | Tiltak  | Oppfølging |     |      |
|---|-----|---|------------|-----|------|
|   |     |   | RE/FA      | FAK | INST |
| <b>Allmenne prinsipper</b>                            | 1.1 | Styrke norskopplæringa i tråd med retningslinene, og sikre tilstrekkeleg kapasitet også for mellombels tilsette og studentar.                             |            |     |      |
|   | 1.2 | Tilby opplæring om den norske språksituasjonen, i arbeid med klarspråk, og i nynorsk for alle tilsette.   |            |     |      |
|   | 1.3 | Språkbruk og språkkompetanse skal inngå i arbeidet med arbeidsmiljø, inkludert ARK-undersøkinga.  |            |     |      |
|   | 1.4 | Kravet om norskkunnskap på minst B2-nivå etter tre år skal vere ein del av tilsettingsavtalane til fast vitskapeleg tilsette.                             |            |     |      |
|   | 1.5 | Følgje opp studentane sine språklege rettar, t.d. til å få formelle svar og eksamensoppgåver på rett målform med god kvalitet.                            |            |     |      |
| <b>Utdanning</b>                                      | 2.1 | NTNUs kvalitetssystem for utdanning må inkludere språklege omsyn.   |            |     |      |
|   | 2.2 | Emnebeskrivingar skal følge dei språkpolitiske retningslinjene.   |            |     |      |
|   | 2.3 | Arbeide for at faglitteratur og læremiddel på bachelornivå primært er på norsk.   |            |     |      |
|   | 2.4 | Lage gode rutinar for arbeid med samandrag i bachelor- og masteroppgåver, i tråd med dei språklege retningslinene.  |            |     |      |
| <b>Forskning</b>                                      | 3.1 | Sørge for at ph.d.-forskrifta § 18-1, andre avsnitt, blir praktisert slik at samandrag på norsk og engelsk er ein obligatorisk del av ph.d.-avhandlingar. |            |     |      |
|   | 3.2 | Lage rutinar som sikrar at alle norske samandrag i ph.d.-avhandlingar blir skrivne på godt språk.   |            |     |      |
|   | 3.3 | Legge inn arbeid med utvikling av norsk fagterminologi og fagspråk i strategiar og årsplanar.   |            |     |      |
| <b>Formidling</b>                                     | 4.1 | Tilby kurs i forskingsformidling på norsk og engelsk.   |            |     |      |
|   | 4.2 | Ha ein formidlingspolitikk som oppmodar til auka formidling på norsk og utvikling av norsk fagspråk.  |            |     |      |
| <b>Administrasjon, informasjon og samfunnskontakt</b> | 5.1 | Tilby jamlege kurs i både norsk (bokmål og særleg nynorsk) og engelsk.  |            |     |      |
|   | 5.2 | Kartlegge språkleg kompetanse i staben og lage utviklingsplanar ved behov.  |            |     |      |
|   | 5.3 | Sikre relevant språkleg kompetanse ved rekruttering og tilsetting.  |            |     |      |
| <b>Oppfølging</b>                                     | 6.1 | Språkpolitikken skal vere ein del av strategi og årsplan.   |            |     |      |
|   | 6.2 | Sørge for gode rammevilkår og ressursar for det språkpolitiske arbeidet.  |            |     |      |
|   | 6.3 | Sette ned eit fast språkpolitisk utval ved NTNU.  |            |     |      |

## Vedlegg

### A. Forslag til språkpolitiske retningslinjer for NTNU

#### Forord

Vi mennesker har unike språklige ferdigheter. Gjennom språket kan vi snakke om fortid, nåtid og framtid, og med skrift kan vi kommunisere på tvers av tid og rom. Språk skaper fellesskap, samfunn, identitet og tilhørighet. Samtidig kan språk bidra til å stenge folk ute fra det samme fellesskapet. Derfor er språk en forutsetning for inkludering, og det bidrar sterkt til å skape og forme den kulturen vi har.

Språk er også et viktig verktøy, ikke minst på universitetet. Vi bruker språk til å tenke med og for å kommunisere arbeidet vårt, gjennom publikasjoner, seminar, undervisning eller formidling til allmennheten. Denne kommunikasjonen kan være skriftlig, muntlig eller tegnspråklig. Dette gjør at språk spiller en svært viktig rolle for arbeidet studenter og ansatte gjør; kvaliteten i arbeidet vårt henger tett sammen med hvor godt vi mestrer språket vi bruker. Kvalitet mer generelt er en av grunnsteinene ved et universitet. Alle ønsker å gjøre jobben sin best mulig, og språk er et vesentlig virkemiddel for å få det til. Satsing på kvalitet fordrer derfor en offensiv og god språkpolitikk.

En slik språkpolitikk krever at NTNU har en kultur for kontinuerlig utvikling av den språklige kompetansen til både studenter og ansatte. Vi må alle jobbe med å utvikle de språklige ferdighetene våre og kunnskapen om språkbruk og språklig mangfold. Dette gjelder i like stor grad for morsmål som for andrespråk og eventuelt flere språk som vi lærer oss. Vi når altså ikke et tak for språklæringen, det er alltid noe nytt vi kan lære eller et område vi kan bli bedre på. Språklæring handler ikke bare om å ta en eksamen eller nå et predefinert nivå som B2 i det europeiske rammeverket. Det handler om å hele tiden utvikle seg gjennom å jobbe bevisst med den språklige kompetansen.

Norske universiteter har i stort sluttet seg til en politikk der norsk er hovedspråket, men der engelsk også blir brukt når det er nødvendig. Dette kalles «parallellspråklighet» i faglitteraturen, og det er en politikk som er forankret i offisiell norsk språkpolitikk. Vi har en slik politikk fordi universitetene ligger i Norge der norsk er det samfunnsbærende språket, men også fordi vi alltid vil ha mange studenter og ansatte som ikke kan norsk. Noen av våre ansatte har fått fast ansettelse og har dermed plikt til å lære seg norsk, mens andre er i stillinger der de verken har krav eller avsatt tid til å lære seg norsk. For eksempel har verken ph.d.-kandidater eller postdoktorer krav om at de må lære seg norsk, og derfor blir de heller ikke prioritert til NTNUs norskkurs. Ved også å bruke engelsk sikrer vi at disse ansatte blir inkludert. Dette er essensielt, siden språk er nøkkelen til integrasjon og fellesskap mer generelt i samfunnet. Det er også sentralt for å skape et godt læringsmiljø for studenter og et sunt og godt arbeidsmiljø for ansatte, samt medvirkning i institusjonens indre liv. Til slutt bidrar språklig inkludering også til dannelse og personlig utvikling. Derfor ønsker også mange ph.d.-er og postdoktorer å lære seg norsk: De innser at selv om engelsk fungerer, er det nødvendig å lære hovedspråket i Norge for å bli inkludert på en god måte.

Norge har nylig fått en ny språkløve. Denne slår fast at norsk er hovedspråket for all offentlig virksomhet, og den understreker også ansvaret universitetene har for å utvikle og røkte norsk som akademisk språk. Vitenskapen er global og prinsipielt uavhengig av det enkelte språk, men samtidig

vet vi at engelsk har blitt den nye latinen. Dette har to konsekvenser: Vi må bli bedre i engelsk, og vi må arbeide hardt for å sikre at vi har et velfungerende norsk akademisk fagspråk, inkludert gode norske fagtermer. De ansvarlige departementene har vært bekymret for den manglende oppmerksomhet norsk fagspråk har fått ved universitetene og høyskolene. Den nye loven pålegger oss et institusjonelt ansvar for å sikre vitaliteten til det norske fagspråket, som ikke minst er en forutsetning for formidling til samfunnet. Den offentlige utredningen *Akademisk yringsfrihet* (NOU 2022:2) understreker også betydningen av norsk fagspråk for å sikre ivaretagelsen av den akademiske yringsfriheten.

Språk er både kultur og infrastruktur, og norsk har dermed samfunnsbærende funksjoner. Derfor er det svært viktig å stimulere bevisstheten og kunnskapen om språk og språkpolitikk også på NTNU. De språkpolitiske retningslinjene får sin kraft gjennom den praksis de bidrar til å skape. Ledere har et særskilt ansvar for å sikre at retningslinjene følges, men vi må alle bidra gjennom de vurderinger og valg vi gjør hver dag.

## Kapittel 1. Allmenne prinsipper

1. Språkpolitikken skal bidra til å heve kvaliteten i hele NTNUs virksomhet.
2. Hovedspråket på NTNU er norsk, der begrepet norsk omfatter både bokmål og nynorsk. Norsk tegnspråk er det nasjonale tegnspråket. Dansk og svensk kan være sidestilt med norsk. Engelsk er det primære ikke-skandinaviske språket.
3. Skriftlig kommunikasjon ved NTNU skal følge prinsippene for klart språk, det vil si at det skal være korrekt, tydelig og brukertilpasset.
4. NTNU skal sørge for at studenter og ansattes språklige rettigheter ivaretas.
5. NTNU skal følge opp det lovpålagte ansvaret for å vedlikeholde og utvikle norsk fagspråk i alle fagmiljø.
6. Bruken av de offisielle skriftspråkene skal være i samsvar med lovverket. Dette innebærer særlige tiltak for å styrke kompetansen i og bruken av nynorsk.
7. NTNU skal praktisere parallellspråklighet, det vil i praksis si 'norsk når du kan, engelsk når du må'.
8. Fast ansatte ved NTNU skal ha tilstrekkelig språklig kompetanse til å kunne kommunisere godt med studenter, ansatte og omverden.
9. Medarbeidere som ikke mestrer et skandinavisk språk ved ansettelse, har ansvar for å lære seg norsk på B2-nivå innen tre år samt kontinuerlig utvikle sin språklige kompetanse.
10. NTNU skal særlig ha et godt tilbud til ansatte om å lære norsk, men også tilby støtte til å øke kompetansen i engelsk. Enhetene skal legge arbeidssituasjonen til rette slik at alle ansatte kan utvikle sin språklige kompetanse.

## Kapittel 2. Utdanning

11. Norsk skal være hovedspråket i undervisningen ved NTNU.
12. Studenter på alle nivå skal kjenne den sentrale terminologien for sitt fagfelt på både norsk og engelsk, eller på andre fremmedspråk når det er hensiktsmessig.

13. Faglitteratur og læremidler på bachelorstudium skal være på norsk når det finnes gode norske ressurser. Unntak må begrunnes og forankres i fagmiljøet.
14. Norsk, engelsk og andre fremmedspråk kan brukes parallelt på master- og ph.d.-studier. Faglige hensyn avgjør valg av språk.
15. På internasjonale studieprogram skal det undervises på engelsk. Det kan undervises på norsk dersom alle studenter mestrer et skandinavisk språk, så lenge pensum og arbeidskrav fremdeles er på engelsk.
16. Undervisningsspråk skal alltid fremgå av emnebeskrivelser og studieplaner.
17. Eksamensoppgaver skal gis på det språket kurset undervises på hvis ikke annet er angitt i emnebeskrivelsen. Dersom eksamensoppgaver gis på flere språk, må teksten ha likt innhold og samme kvalitet. For eksamensoppgaver på norsk gjelder Forskrift om målform i eksamensoppgåver.
18. Bacheloroppgaver skal normalt skrives på norsk. Dersom de skrives på engelsk eller et annet ikke-skandinavisk språk, skal de ha et norsk sammendrag.
19. Masteroppgaver kan skrives på det språket som er mest hensiktsmessig for studenten og oppgaven.
20. Masteroppgaver som skrives på norsk, skal ha et sammendrag på engelsk. Masteroppgaver som skrives på et ikke-skandinavisk språk, skal ha et sammendrag på norsk.

### Kapittel 3. Forskning

21. Alle ansatte skal beherske den sentrale terminologien på norsk i sitt fagfelt. Utvikling av norsk fagspråk, inkludert relevant fagterminologi, er et kollektivt ansvar i alle fagmiljø.
22. De ansatte kan selv velge hvilke språk de publiserer på i vitenskapelige kanaler.
23. Alle ph.d.-avhandlinger skal ha et sammendrag både på norsk og engelsk.

### Kapittel 4. Formidling

24. Forskningsbasert kunnskap og vitenskapelige funn skal formidles til allmennheten i et klart og lettfattelig språk.
25. Avhengig av målgruppe er norsk og engelsk de primære formidlingsspråkene ved NTNU.
26. NTNU skal gi opplæring og støtte i forskningsformidling både på norsk og engelsk.

### Kapittel 5. Administrasjon, informasjon og samfunnskontakt

27. Norsk er det primære arbeidsspråket i administrasjonen.
28. Teknisk-administrativt ansatte ved NTNU skal beherske både norsk og engelsk.
29. NTNUs kommunikasjon skal være universelt utformet. Allmøter og liknende felles arrangementer der døve eller hørselshemmede deltar, skal tolkes eller tekstes. Det samme gjelder når ledelsen henvender seg til studenter og ansatte gjennom lyd- og bildemedier.

## Oppfølging

30. Språkpolitikk skal inngå i institusjonens strategier på alle nivåer.
31. NTNU skal ha et bredt sammensatt språkpolitisk utvalg som gir råd om oppfølging og gjennomføring av disse retningslinjene samt universitetets språkpolitikk. Rektor utnevner utvalget og gir det et mandat.

## B. Mandat

***Rektor set ned ei gruppe som skal gå gjennom NTNU sine språkpolitiske retningslinjer og foreslå reviderte retningslinjer for universitetet.***

### Bakgrunn

NTNUs nåverande [språkpolitiske retningslinjer](#) blei vedtatt i 2009. Sidan då har universitetet og omverda endra seg mykje. Etter fusjonane har NTNU fått større fagleg breidd, inkludert fleire profesjonsfaglege miljø og profesjonsutdanningar. Samstundes har internasjonaliseringa auka med meir prosjektsamarbeid over landegrensene og meir internasjonal sampublisering. Av dei tilsette er det ein aukande del som ikkje har norsk som morsmål. For mange er også engelsk eit andre- eller tredjespråk. Styresmaktene, universiteta, arbeidsliv og studentane legg meir og meir vekt på internasjonal kompetanse gjennom mobilitet og utveksling. Samstundes er universitetet sitt ansvar for utviklinga av norsk fagspråk lovfesta. Dette fører til eit krysspress der norsk språk og internasjonalisering ofte blir sett opp mot kvarandre.

### Mandat

- Gruppa skal vurdere og foreslå endringar i NTNU sine språkpolitiske retningslinjer.
- Gruppa skal ta utgangspunkt i dei overordna måla som er satt for NTNU si verksemd av myndigheitene og NTNU sjølv. Gruppa skal setje seg inn i relevant nasjonalt lov- og regelverk. Ho bør også sjå på praksis ved andre norske og skandinaviske universitet.
- Retningslinjene skal vere tydelege og kortfatta.
- Dersom gruppa foreslår retningslinjer som krev at organisasjonen utviklar seg, skal gruppa foreslå naudsynte tiltak for å få dette til.
- Gruppa skal foreslå korleis NTNU kan sikre at dei språkpolitiske retningslinjene blir følgt i organisasjonen.
- Økonomiske konsekvensar av dei reviderte retningslinjene skal vurderast.

Gruppa skal gjere ferdig arbeidet innan utgangen av juni 2022. Ho skal ha legge opp til dialog med organisasjonen undervegs i arbeidet om sentrale problemstillingar og dilemma.

### Medlemmer i gruppa

- Leiar, prodekan for forskning HF, professor Terje Lohndal
- Professor Linn Okkenhaug Getz, Institutt for samfunnsmedisin og sjukepleie
- Professor Randi Solheim, Institutt for lærarutdanning
- Instituttleiar, professor Vikas Thakur, Institutt for bygg- og miljøteknikk



- Universitetslektor, Anders Ulstein, Institutt for IKT og realfag
- Student, Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Institutt for matematiske fag
- Stipendiat, Wolf Ludwig Kuhn, Institutt for energi og prosessteknikk